



Haugaland Kraft AS melder om anleggsarbeid på 66kV lina i nedre del av Uskedalen.

Haugland Kraft melder frå om at arbeidet med oppgragering 66 kV frå Opstveit til Uskedalen held fram. Alt arbeidet ein ikkje fekk gjort i vinter, vert no ferdigstillt. Arbeidet tek til i denne veka og er rekna å vera ferdig i juli månad. I denne tida vert det brukt helikopter og såkalla eksplosjonsarmatur, sprengskjøt på lina.


Prosjektleder Thomas Nesse i Haugaland Kraft AS fortel til Uskedalen.no at det er det same arbeidet som ein starta på i 2017. No vert arbeidet gjort ferdig fram til Sekundærstasjonen på Nedre Fet i Uskedalen. Det vert trådkifte og skifte av stolpar og traversar. Nokre punkt vert forsterka. Høgspennten, som går vidare mot Herøysundet, er utfasa og vert riven.

Det er viktig å få fram at lina vert rekna som straumførande i anleggsperioden. Helikoptertransporten vil særleg vera merkbar på Døsslandssida og på Fet.

66 kV lina frå Matre via Uskedalen til Herøysundet vert rekna som hovudnettet i SKL tidleg på 1950 talet. Sekundærstasjonen i Uskedalen vart laga for uttak til Kvinnherad Kraftverk. Frå Herøyo kryssa lina Hardangerfjorden i sjøkabel til Ånuglo. Vidare var det luftline til Langeland på Tysnes der ein del gjekk mot Fusa og Samnanger, ei line gjekk på sør over Langenuen til Stord, Bømlo og Fitjar. Denne lina er utfasa.

Oppgraderingsarbeidet med sjølve Sekundærstasjonen er rekna å vera ferdig til sommarferien.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



Arbeidet omfatter trådkifte og skrifte av stolpar og traversar.